

# Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet

**21.01.19**

## Kapittel 1. Verkeområde og definisjonar

### § 1-1. Verkeområde

- (1) Forskrifta gjeld opptak til alle utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet til og med mastergradsnivå. Opptak til doktorgradsprogram er regulert i forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet.
- (2) Det kan gjelde eigne reglar for fellesgradar som vert tilbydde i samarbeid med ein eller fleire lærestader. Dette skal gå frem av avtalen med de samarbeidande institusjonar.
- (3) Lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova ), forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta), forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad (mastergradsforskrifta), lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova), og dessutan forskrifter om rammeplanar og andre nasjonale avgjersler, er overordna denne forskrifta og gjeld føre forskrifta ved eventuell motstrid.

### § 1-2. Definisjonar

- (1) Opptak inneber at ein person har søkt, fått vurdert kompetansen sin og fått studierett til eit studieprogram, studium eller emne tilknytt ein av studiestadane ved Høgskulen på Vestlandet.
- (2) Lokalt opptak viser til opptak som ikkje hører til det nasjonale samordna opptaket.
- (3) Opptakskrav er dei krava som vert stilte til ein søker, for å bli vurdert som kvalifisert for opptak. Opptakskrav skal gå fram av studieplan eller emneplan for alle studium og emne som har eige opptak.
- (4) Med grunnutdanning og integrert mastergradsutdanning meiner ein eit studieprogram der opptak normalt ikkje byggjer på anna grunnlag enn fullført utdanning frå vidaregåande skule, eller godkjent realkompetanse.
- (5) Med mastergradsutdanning meiner ein eit studieprogram som byggjer på utdanning på bachelorgradsnivå og som fører fram til ein mastergrad.
- (6) Med vidareutdanning meiner ein studiepoenggjevande ny formell kompetanse på universitets- og høgskulenivå som til vanleg bygger på fullført grunnutdanning.
- (7) Etterutdanning er ny formell kompetanse på universitets- og høgskulenivå, som ikkje gir studiepoeng.

- (8) Med praktisk-pedagogisk utdanning meiner ein pedagogisk tilleggskompetanse til høgare utdanning eller yrkesfagleg utdanning.
- (9) Med enkeltemne meiner ein emne som er opne for søkerar som ikkje har studierett på studieprogrammet som emnet høyrer til, eller emne som vert tilbydde som frittståande studium.
- (10) Med overflyttingsopptak meiner ein opptak der søkeren har teke delar av utdanninga ved andre utdanningsinstitusjonar, andre campus eller andre studieprogram ved Høgskulen på Vestlandet, og startar på 2. året eller seinare i eit utdanningsløp.
- (11) Med oppdragsfinansierte studium i denne forskrifta meiner ein studium som vert gjennomførte mot vederlag, betalte av ein eller fleire oppdragsgjevarar, og der studiet ikkje er retta mot enkeltstudentar, men mot oppdragsgjevaren si målgruppe.
- (12) Med betalingsstudium meiner ein kurs, emne og studieprogram der Høgskulen krev eigenbetaling frå studentar, jf. forskrift om eigenbetaling ved universiteter og høgskule § 3-2.

## Kapittel 2. Opptaksgrunnlag

### § 2-1. Generelle føresegner

- (1) Minstekrav for opptak til utdanning som gjev studiepoeng ved Høgskulen på Vestlandet er generell studiekompetanse eller tilsvarande realkompetanse, slik dette er fastsett i forskrift om opptak til høgre utdanning.
- (2) Søkerar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere at dei oppfyller krav til norsk- og engelskkunnskapar slik dette er fastsett i forskrift om opptak til høgre utdanning jamfør 2-2 (2) for å kvalifisere for opptak til studium som gjev studiepoeng.
- (3) Krava til norskkunnskapar gjeld ikkje for søkerar som skal takast opp til engelskspråklege studieprogram, og studentar som deltek i internasjonale utvekslingsprogram, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 2-2 (5).
- (4) Søkerar til engelskspråklege vidare- eller mastergradsutdanninger, som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere engelskkunnskap på høgare nivå med eitt av følgjande alternativ:
- Engelsk frå Vg1 i norsk vidaregåande skule (140 årstimar) med karakteren 4 eller betre.
  - International English Language Testing Service (IELTS) med minst 6.0 poeng.
  - Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med minst 550 poeng for Paper-based test (PBT), minst 213 poeng for Computer-based test (CBT), eller minst 80 poeng for Internet-based test (IBT).
  - Annan dokumentasjon kan godkjennast etter individuell vurdering.
  - Unntak frå kravet for enkeltstudium eller emne kan fastsetjast av styret i studieplan eller emneplan.
- (5) Styret kan i studieplan eller emneplan fastsetje spesielle opptakskrav til studium som ikkje vert omfatta av forskrift om opptak til høgre utdanning, jf. universitets- og høgskulelova § 3-6 sjuande ledd og § 3-7.

## **§ 2-2. Opptaksgrunnlag grunnutdanningar**

Opptakskrav til årsstudium, bachelor, og integrert masterutdanning er generell studiekompetanse eller realkompetanse, eventuelt i kombinasjon med spesifikke fag- eller karakterkrav, slik dei er fastsette i studieplanen eller forskrift om opptak til høgre utdanning

## **§ 2-3. Opptaksgrunnlag mastergradsutdanning**

- (1) For opptak til mastergrad gjeld forskrift om krav til mastergrad §§ 3, 4 og 5 og eventuelle rammeplanar.
- (2) Spesifikke krav til fagleg grunnlag og faglege minstekrav for den enkelte utdanninga vert fastsett av styret i studieplanen, jf. § 2 i mastergradsforskrifta.
- (3) For studium som har opptakskrav om minst snittkarakteren C må søker ha minst gjennomsnittskarakter på 2,5 tilsvarande 25,00 karakterpoeng for å oppfylle kravet, sjå § 4-3.

## **§ 2-4. Opptaksgrunnlag vidareutdanning**

- (1) For opptak til vidareutdanningar utan rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsette i studieplanen eller emneplanen.
- (2) For opptak til vidareutdanningar med rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsette i rammeplanen og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av styret i studieplanen.

## **§ 2-5. Opptaksgrunnlag praktisk-pedagogisk utdanning**

- (1) For opptak til praktisk-pedagogisk utdanning gjeld minstekrav for opptak bestemt i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning endra 19.12.18. I tillegg til krav som går fram av studieplanen. Det er berre mogleg å få opptak til éin didaktisk fagprofil.
- (2) Yrkesfagleg praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-Y) har følgjande alternative opptaksgrunnlag:
  - a) profesjonsretta bachelorgrad og minimum to års relevant yrkespraksis, eller
  - b) fag-/sveinebrev eller anna fullført treårig yrkesutdanning på vidaregående nivå, generell studiekompetanse, minst to års yrkestoretisk utdanning og fire års relevant yrkespraksis.
- (3) Allmennfagleg praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-A) har følgjande alternative opptaksgrunnlag:
  - a) Ein mastergrad som inneholder minst eitt relevant fag som gir kompetanse til å undervise, jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14. I tillegg må søkeren ha fordjoping i eit av undervisingsfaga HVL har som didaktisk profil på minst 60 studiepoeng, eller
  - b) ein bachelorgrad i utøvande eller skapande kunstfag i finansieringskategori A eller B, med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget, eller

- c) ein bachelorgrad i teiknspråk og tolking (døvetolkutdanning), med minst 80 studiepoeng i teiknspråk. Det er krav om gjennomsnittskarakter C, 30 karakterpoeng, eller betre frå bachelorgraden, eller
- d) ein bachelorgrad med inntil tre fag som gir kompetanse til å undervise i praktiske og/eller estetiske fag i grunnskolen. Eitt av faga kan erstattast av drama/teaterfag. Det må inngå fordjuping på minst 120 studiepoeng i eitt fag. Øvrige fag må ha eit omfang på minst 30 studiepoeng. Det er krav om gjennomsnittskarakter C, 30 karakterpoeng, eller betre frå bachelorgraden.

#### **§ 2-6. Opptaksgrunnlag forkurs og realfagskurs**

- (1) For opptak til forkurs og realfagskurs gjeld nasjonal plan for eittårig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag og tilhøyrande halvårleg realfagskurs, fastsett av Universitets- og høgskolerådet i nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanning.
- (2) Søkjarar til forkurs, som har generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag, får tilbod om plass på forkurset dersom det er ledige plassar.

#### **§ 2-7. Opptaksgrunnlag søkerar til tresemesterordninga (TRESS)**

Opptakskrav til tresemesterordninga er generell studiekompetanse, teknisk fagskule eller realkompetanse.

#### **§ 2-8. Opptaksgrunnlag Y-veg**

For opptak til Y-veg må søker ha relevant fagbrev, sveinebrev eller yrkeskompetanse frå vidaregående skule. For søkerar med fag-/sveinebrev etter 3 år i skule er det krav om minimum 12 månader yrkespraksis etter avgjort fag-/sveineprøve. Krav utover fagbrev vert heimla i studieplanen.

#### **§ 2-9. Opptaksgrunnlag eittårig fagskuleutdanning for yrkesdykkarar**

Opptakskrava til dykkerutdanninga er følgjande:

- a) anten generell studiekompetanse, fullført og bestått vidaregåande opplæring med vg1 og vg2 innanfor relevant fagområde eller fullført fagopplæring med fag/sveinebrev innanfor relevant fagområde eller realkompetanse
- b) Bestått opptaksprøve og
  - i. Godkjent legeattest for yrkesdykkarar.
  - ii. Søkjaren må ha fylt 18 år ved studiestart.

#### **§ 2-10. Opptaksgrunnlag overflyttingsopptak**

- (1) Før ein søker får vurdert om han eller ho tilfredsstiller opptaksgrunnlaget, må fakultetet bestemme om det skal opnast for søknader om overflytting på den aktuelle utdanninga, jf. § 8-4 (5).

(2) For overflyttingsopptak til 2. år eller seinare i eit utdanningsløp, må søkeren oppfylle alle dei følgjande vilkåra:

- a) Søkeren fyller dei faglege vilkåra for opptak til studieprogrammet.
- b) Søkeren har tilsvarende fagleg progresjon som det kullet det vert søkt om opptak til.
- c) Søkeren må normalt ha meir enn eitt semester att for å fullføre utdanninga som skal gjennomførast på utdanningsprogrammet studenten søker om overflytting til. For reglar om tilknytingskravet sjå forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet kap. 2 § 2-11 første ledd.
- d) Søker må på søknadstidspunktet ha aktiv studierett (eller gyldig permisjon) ved Høgskulen på Vestlandet eller annan lærestad som er omfatta av universitets- og høgskulelova. Fakulteta kan opne for søkerar utan gyldig studierett som fyller dei andre kriteria for overflyttingsopptak.

#### **§ 2-11. Opptaksgrunnlag enkeltemne**

For opptak til enkeltemne må søkeren dekkje opptakskrava til den utdanninga som emna ein søker opptak til, inngår i. Eventuelle krav om fagleg forkunnskap for emnet må òg dekkjast, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 4-5.

#### **§ 2-12. Opptaksgrunnlag betalingsstudium/oppdragsstudium**

Alle oppdragsstudium og betalingsstudium som gir utteljing i studiepoeng, hører til ein av kategoriane i § 2-2 til § 2-8 i denne forskrifta og har tilsvarende opptakskrav og rangeringsreglar.

#### **§ 2-13 Opptaksgrunnlag andre studium**

For studium som ikkje har nasjonale rammeplanar eller føringar, så gjeld opptakskrav og fagleg grunnlag slik dei går fram av studieplanen eller emneplanen.

### **Kapittel 3. Realkompetanse**

#### **§ 3-1. Realkompetanse**

(1) Høgskulen kan gi søkerar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, og som manglar generell studiekompetanse, opptak på grunnlag av realkompetanse, jf. universitets- og høgskulelova § 3-6 (2) og forskrift om opptak til høgre utdanning § 3-1.

(2) For å få tilbod om studieplass må søkeren dokumentere likeverdige ferdigheter og kunnskapar som søkerar som får tilbod om plass etter ordinære rangeringsreglar, jf. kapittel 4 i denne forskrifta.

#### **§ 3-2. Realkompetanse for opptak til studium som krev generell studiekompetanse**

(1) Følgande kriterium må søkeren oppfylle for å vere kvalifisert for opptak til studium som har generell studiekompetanse som opptakskrav.

- a) Søker har ikkje generell studiekompetanse
- b) Spesielle opptakskrav på studieprogrammet må vere oppfylt
- c) Søker må ha minst 5 års fulltids arbeidserfaring, der minst 3 er relevant for studiet det vert søkt om opptak til. Deltid vert rekna om til heiltid. Inntil 2 av dei 5 åra kan vere ulønna arbeid, utdanning, organisasjonerfaring og/eller liknande.
- d) Alle søkerar må ha naudsynte kunnskapar i norsk (eller anna nordisk språk) og engelsk for å kunne gjennomføre studiet. Kunnskapar i faga norsk, matematikk og engelsk vert særskilt vektlagt.
- e) Søkerar med morsmål frå land utanfor Norden må dokumentere at dei fyller krav til norsk tilsvarende kravet til generell studiekompetanse, med grunnlag i krav i forskrift om opptak til høgare utdanning. Unntak kan gjerast dersom utdanninga i sin heilheit vert gjennomført på engelsk eller for søkerar med 3-årig vidaregående opplæring frå Noreg eller anna nordisk land.
- f) Søker må gjere greie for eigen motivasjon og forventing til studiet, samt ein eigenvurdering av kvifor søker meiner å kunne gjennomføre studiet.

(2) Søkerar kan ikkje bli vurdert for realkompetanse dersom studiet har krav om eit bestemt minimumstal på skulepoeng, slik som til dømes grunnskulelærar- og faglærarutdanningane.

### **§ 3-3. Realkompetanse for opptak til yrkesfagleg praktisk pedagogisk utdanning (PPU-Y)**

Realkompetansevurdering av søkerar til yrkesfagleg PPU kan berre gjerast for eitt av følgjande delkrav:

- a) Generell studiekompetanse
- b) 1 år yrkesteoretisk utdanning. I særleg i høve, til dømes i yrkesfaglege profilar der det ikkje finst tilbod om relevant yrkesteori, kan det gjerast realkompetansevurdering av to års yrkesteori.

### **§ 3-4. Realkompetanse for opptak til studium som krev høgre utdanning**

Realkompetansevurdering ved opptak til studium som krev høgre utdanning er berre mogleg der studieplanen eller emneplanen opnar for dette med spesifikke faglege krav.

## **Kapittel 4. Rangering**

### **§ 4-1. Poengutrekning og rangering av søkerar til grunnutdanningar**

(1) Ved opptak til grunnutdanningar vert søkerar poengutrekna og rangerte etter føresegner gitt i kapittel 7 i forskrift om opptak til høgre utdanning, unntak frå dette i lokale opptak skal ha heimel i studieplanen.

(2) Realkompetansesøkjarar vert rangerte i forhold til andre søkerar på grunnlag av ei heilskapleg skjønnsmessig vurdering. Omfanget og relevansen av praksis, utdanning og motivasjon vert vektlagd.

#### **§ 4-2. Generelle føresegner om rangering av søkerar til studium i lokale opptak**

(1) Grunnlaget for rangeringa er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkeren for eit studium, jf. kapittel 2 i denne forskrifta. Søkerane vert rangerte innbyrdes i kvotar på grunnlag av konkurransepeng.

(2) Ved lik poengsum gjeld følgjande:

- a) Ved elles lik poengsum i ein kvote skal eldre søkerar rangerast framfor yngre.
- b) Styret kan fastsetje i studieplanen at det kjønnet som er underrepresentert i ein kvote som skal prioriterast

(3) Dersom ein søker har fleire gyldige opptaksgrunnlag etter kapittel 2, vert det grunnlaget som gir gunstigast resultat for søkeren, valt.

(4) Dersom det har vist seg umogeleg å fylle studieplassane på eit studium, så kan ledige studieplassar tilbydast kvalifiserte søkerar utan omsyn til rangeringa elles. Søknader som er mottekne etter fristen, skal rangerast etter søknadsdato.

#### **§ 4-3. Poengutrekning og rangering av søkerar til mastergrad, praktisk pedagogisk utdanning og vidareutdanningar på høgare grads nivå**

(1) Søkerar til høgare grads studium vert rangerte innbyrdes på grunnlag av konkurransepeng. I konkurransepenga til ein søker kan summen av følgjande poeng inngå:

- a) Karakterpoeng:
  - i. Det vert rekna ut eit vekta karaktergjennomsnitt av opptaksgrunnlaget.
  - ii. Styret kan fastsetje i studieplanen eller emneplanen at berre delar av opptaksgrunnlaget skal inngå i karakterpoengsummen.
- b) Utdanningspoeng:

Det kan bli gitt utdanningspoeng for greidd høgare utdanning ut over minstekravet for opptak etter kapittel to. Normalt 1 poeng pr. 30 studiepoeng og maksimalt 4 poeng med mindre anna er fastsett i studieplan eller emneplan.
- c) Praksispoeng:
  - i. Det kan bli gitt poeng for relevant arbeidserfaring dersom det er fastsett i studieplanen eller emneplan. Normalt 2 poeng pr. 12 månadar heiltid med relevant praksis utover opptaksgrunnlaget, og maksimalt 6 poeng med mindre anna er fastsett i studieplan eller emneplan. Deltid vert rekna om til heiltid.
  - ii. Praksis som søkeren har skaffa seg før kvalifiserande utdanning er fullført, og praksis som inngår i kvalifiseringsgrunnlaget, vert ikkje medrekna i grunnlaget for praksispoeng.
- d) Andre tilleggspoeng: Med utgangspunkt i særlege omsyn som er knytte til enkelte studium, kan styret fastsetje andre poengtypar i studieplanen eller emneplanen.

(2) For søkerar med bokstavkarakterar eller talkarakterar vert følgjande omrekningsskala nytta som grunnlag for utrekning av gjennomsnittskarakter som fører fram til ein talverdi:

Bokstav karakter	Talkarakter	Gamle bokstavkarakterar	Gir følgjande talverdi
A	1,0 - 2,2	Særs godt (sg)	5
B	2,3 - 2,5	Mykje godt (mg)	4
C	2,6 - 2,7	Godt (g)	3
D	2,8 - 3,0	Noko godt (ng)	2
E	3,1 - 4,0	Lite godt (lg)	1

(3) Det er berre fag med tal eller bokstavkarakterar som tel med i utrekninga av karaktersnitt. Der det ikkje er vektning på karakterutskrifter og vitnemål skal det reknast snitt av alle gjeldande karakterar.

(4) På vitnemål utan tal-/bokstavkarakter reknast karakteren «bestått/greidd» som C=3.

(5) I særskilde tilfelle kan anna utdanning enn den som inngår i det formelle opptaksgrunnlaget, bli teken med i rangeringa. Søknaden vert då rangert etter § 4-13 i denne forskrifta.

(6) Utvekslingsopphald på 30 studiepoeng eller meir vert tatt med i rangeringsgrunnlaget der det er utarbeida omrekningstabellar av NOKUT eller ved Høgskulen på Vestlandet. Omrekningstabellar frå Høgskulen vert utarbeida av opptakskontoret og fastsett av utdanningsutvalet.

#### § 4-4. Rangering av søkerar til allmennfagleg praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-A)

Søkerar vert rangert etter § 4-3, men kan i tillegg få 6 poeng for dokumentert tilsetting i skule.

Poengtype	Forklaring
+ Karakterpoeng	Vekta karaktersnitt x 10 (maksimalt 50 poeng)
+ Utdanningspoeng	1 poeng pr. 30sp. Maksimalt 4 poeng
Andre tilleggspoeng	6 poeng for dokumentert tilsetting i skule
= Konkurransepoengsum	

#### § 4-5. Rangering av søkerar til yrkesfagleg praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-Y)

Søkjarar vert rangert med bakgrunn i opptaksgrunnlaget i kapittel 2.

Poengtype	PPU-Y, profesjonsretta bachelorgrad	PPU-Y, fag-/sveinebrev og yrkesteoretisk utdanning
Karakterpoeng	Vekta karaktersnitt av bachelorgraden x 10	Vanleg gjennomsnitt av karakterar i den yrkesteoretiske utdanninga x 10
Utdanningspoeng	1 poeng pr. 30 studiepoeng fagleg fordjuping utover opptaksgrunnlaget. Maksimalt 4 poeng	x*
Praksispoeng	x*	2 poeng pr. 12 månader med relevant praksis utover opptaksgrunnlaget, maksimalt 6 poeng.
Andre tilleggspoeng	6 poeng for dokumentert tilsetting i skule	6 poeng for dokumentert tilsetting i skule
= Konkurransepoengsum		

\* x = Det vert ikkje gitt poeng i denne kategorien.

#### § 4-6. Rangering av søkerar til Realfagskurs og tresemesterordninga (TRESS)

Ved opptak til realfagskurs og tresemesterordninga vert søkerar poengutrekna og rangerte kun i ordinær kvote etter føresegner gitt i kapittel 7 i forskrift om opptak til høgre utdanning.

#### § 4-7. Rangering av søkerar til Forkurs

Søkerar vert rangert på grunnlag av opptaksgrunnlaget i kapittel 2.

Poengtype	Forklaring
Karakterpoeng	Karaktersnitt frå yrkesfagleg videregåande utdanning* x 10
+ Poeng for fagbrev	5 poeng
+ Poeng for praksis innanfor relevante yrkesfaglege områder.	1 poeng pr. 12 månader, maksimalt 5 poeng
+ Kjønnspoeng	2 tilleggspoeng for kvinnelege søkerar
= Konkurransepoengsum	

\*Fellesfaga vert berre telt på høgaste nivå, det betyr at til dømes karakterane i norsk, engelsk og kroppsøving berre tel frå vg2.

#### § 4-8. Rangering av søkerar til Y-veg

Søkjarar vert rangert på grunnlag av opptaksgrunnlaget i kapittel 2.

Poengtype	Forklaring
Karakterpoeng	Karaktersnitt frå yrkesfagleg videregåande utdanning* x 10
+ Poeng for relevant arbeidspraksis utover opptakskravet	1 poeng pr. 12 månader, maksimalt 5 poeng
+ Poeng for kjønn der det er gitt i studieplanen	2 poeng
= Konkurransepoengsum	

\*Fellesfaga vert berre telt på høgaste nivå, dvs at til dømes karakterane i norsk, engelsk og kroppsøving berre tel frå vg2.

#### § 4-9. Rangering av søker til eittårig fagskuleutdanning for yrkesdykkarar

Søkjarar vert rangert på grunnlag av i opptaksgrunnlaget i kapittel 2.

Poengtype	Forklaring
Karakterpoeng	Karaktersnitt frå yrkesfagleg vidaregåande utdanning* x 10
+ Poeng for relevant utdanningsområde	30 poeng
+ Poeng for relevant fagbrev	10 poeng
+ Poeng for relevant praksis eller utdanning utover opptakskravet	2,5 poeng pr. semester/6mnd, maksimalt 30 poeng
+ Poeng for opptaksprøve	Maks 45 poeng
= Konkurransepoengsum	

\*Fellesfaga vert berre telt på høgaste nivå, det vil seie at til dømes karakterane i norsk, engelsk og kroppsøving berre tel frå vg2.

#### § 4-10. Rangering av søker ved overflyttingsopptak

- (1) Dersom det er fleire søkerar enn plassar, vert søkerane rangert på grunnlag av poengbereking, slik som i Samordna opptak, dersom ikkje anna er fastsett.
- (2) Ved poenglikskap mellom to eller fleire søkerar, vert søker med studierett ved Høgskulen på Vestlandet prioritert framfor andre søkerar.

#### § 4-11. Rangering av søkerar til enkeltemne

Dersom det er fleire kvalifiserte søkerar enn ledige plassar på eit emne, vert det gjennomført rangering av søkerane basert på høgast poengsum. For enkeltemne på bachelornivå gjelder §4-1. For enkeltemner på master- eller vidareutdanningsnivå gjeld §4-2 og §4-3.

## **§ 4-12 Rangering av søkerar til oppdragsstudium, betalingsstudium**

- (1) Oppdragsstudium gjeld ikkje § 5-1 til § 5-3 i denne forskrifta. Oppdragsgjevarar rangerer sjølv sine søkerar etter at høgskulen har godkjent opptaksgrunnlaget deira.
- (2) Ved betalingsstudium, definert i § 1-2 tiande ledd, som har generell studiekompetanse som einaste opptakskrav, vert søkerane rangert etter søknadsdato, med mindre anna er fastsett i emneplan eller studieplan.

## **§ 4-13. Rangering av søkerar som ikkje kan poengutrekna**

- (1) Kvalifiserte søkerar som ikkje kan poengutrekna etter § 5-1 til § 5-4 i denne forskrifta, skal rangerast etter ei individuell skjønnsmessig vurdering av søkeren sitt opptaksgrunnlag jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 7-12.
- (2) For å få tilbod om opptak vert det kravd likeverdige ferdigheter og kunnskapar med søkerar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengutrekning.

## **Kapittel 5. Særskilt vurdering**

### **§ 5-1. Særskilt vurdering**

- (1) kan gjerast unnatak frå delar av rangeringsføresegna i kapittel 5, dersom det ligg føre grunnlag for særskilt vurdering. Grunnlag for opptak etter særskilt vurdering kan til dømes vere anna morsmål enn norsk, sjukdom, funksjonshemming eller andre spesielle forhold gir grunn til å anta at søkeren sin karakterpoengsum ikkje gir eit rett bilet av søkeren sine kvalifikasjonar.
- (2) Søker som ønskjer å bli vurdert etter denne føresegna, må be om dette i søknaden og leggje ved eiga grunngjeving og dokumentasjon av dei tilhøva som skal ligge til grunn for særskilt vurdering etter første ledd.
- (3) Tilhøva nemnd i første ledd gir ikke søkeren rett til studieplass. For å få tilbod om opptak, er det krav om likeverdige ferdigheter og kunnskapar med søkerar som får tilbod om opptak etter reglane om rangering i kapittel 4.
- (4) Søkerar som ikkje får tilbod om opptak etter desse reglane, skal rangerast etter føresegna i § 4.

## **Kapittel 6. Opptaksrammer og kvotar**

### **§ 6-1. Opptaksrammer og kvotar**

- (1) Styret sjølv fastset årleg tal studieplassar som gjev ei opptaksramme for dei enkelte studieprogramma, jf. § 3-7 femte ledd i universitets- og høgskulelova.
- (2) Styret, eller det eininga styret nemner opp, gjennomfører opptak av studentar.
- (3) Styret kan i studieplanen eller emneplanen fastsetje kvotar for søkerar med ulike søkergrunnlag.
- (4) Opptak til studia skjer på grunnlag av rangering innanfor kvotar. Kvote er eit bestemt tal eller ein bestemt del av studieplassane som vert fordelt blant søkerar som tilfredsstiller nærmare bestemte krav. Eit krav i ei kvote kan eit bestemt kjønn, tilsettjingsforhold, geografi, faglege forhold, nasjonale og internasjonale avtalar eller institusjonstilknyting.
- (5) Styret kan i studieplanen fastsetje kvotar med krav bestemt søkergrunnlag hos søkeren.

## Kapittel 7. Opptak og tilbod på vilkår

### § 7-1. Tilbod om opptak før opptaksgrunnlaget er oppfylt

- (1) Søker som ikkje oppfyller heile opptaksgrunnlaget på søknadstidspunktet, kan få tilbod om opptak på vilkår dersom oppfyller opptaksgrunnlaget på innan 1. juli for opptak til haustsemesteret og 1. desember for opptak til vårsemesteret. Høgskulen kan gjere unntak frå fristen i tilbodbrevet.
- (2) Søkeren må i søknaden dokumentere at opptaksgrunnlaget skal bli dekka innan gitt frist.
- (3) Søkerar som ikkje oppfyller dei gitte vilkåra for opptak innan fristen, tapar studieplassen.

### § 7-2. Opptak på visse vilkår

- (1) I særskilde tilfelle kan søker som manglar maksimalt 15 studiepoeng for dekke opptaksgrunnlaget til ei utdanning, få opptak til studiet på visse vilkår og starte på utdanninga. Vilkåret for slikt opptak er at studenten oppfyller opptaksgrunnlaget på utdanninga innan frist gitt i tilbodbrevet.
- (2) Døme på slike særskilde tilhøve kan vere at søker er forseinka grunna sjukdom, ulukker eller dødsfall i nær familie. Andre særskilde tilhøve kan òg gi grunnlag for opptak på vilkår. Særskilde tilhøve må dokumenterast ved attest frå lege, anna helsepersonell, politi eller tilsvarande.
- (3) Opptak på visse vilkår vert berre gitt når søkeren dekker faglege minstekrav og eventuelle krav til fordjuping, jf. kapittel 2 og studieplanen. I tillegg må søkeren dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk og engelsk, jf. § 2-1. Opptak på vilkår gir ikkje dispensasjon frå forkunnskapskrav som er fastsett i eit emne.
- (4) Opptak på visse vilkår vert ikkje gitt til utdanningar der yrkesfaring er ein del av opptaksgrunnlaget.
- (5) Studentar som ikkje oppfyller dei gitte vilkåra for opptak innan fristen, tapar studieplassen.

## Kapittel 8. Felles føresegner om administrative forhold

### § 8-1. Reservert studieplass

- (1) Tildelt studieplass kan reserverast til neste gong det er opptak til studiet dersom det ligg føre dokumenterte, tungtvegande grunnar. Slike grunnar er førstegongsteneste, fødsel, adopsjon eller langvarig sjukdom/opphald på sjukehus.
- (2) Det vert normalt ikkje innvilga reservert plass for meir enn eitt år. Det vert gjort unntak for søker som vert innkalla til militärteneste. I slike tilfelle kan søkeren få innvilga inntil to år i særskilde tilfelle.
- (3) Søknad om reservering av studieplass må leggast fram innan tre veker etter at ein har motteke tilbod om studieplass.
- (4) Reservasjon av studieplass er ikkje mogleg når ein har fått opptak via Ledige studieplasser

### § 8-2. Oppmøte og registrering ved studiestart

- (1) Det er obligatorisk å møte opp til studiestart for registrering ved nytt opptak. Den som ikkje møter på høgskulen ved studiestart, taper studieretten. Dato tid og stad for oppmøte ved studiestart går fram av opptaksbrevet.
- (2) Søker som ikkje kan møte til studiestart må sende skriftleg melding til opptakskontoret og få dette fråværet godkjent. Opptak kan godkjenne fråværet i forkant av studiestart og registrering dersom det ligg føre gode grunnar.

### § 8-3. Førehandsløfte

- (1) Kan bli gitt førehandsløfte til kvalifiserte søkerar som med god margin ville ha kome inn ved siste opptak. Vurdering av kva som er god margin er ei skjønnsmessing vurdering ut frå tilhøva på studiet og søkerkartala på det enkelte studium.
- (2) I tillegg til krav om god margin etter første ledd, må søkeren dokumentere gode grunnar for å få førehandsløfte. Gode grunnar kan vere at
- søker er i jobb og har oppseilingstid eller må søkje permisjon. Dette må dokumenterast med attest frå arbeidsgjevar om oppseilingstid eller permisjon, eller arbeidskontrakt og lønsslipp frå den siste månaden.
  - søker er sjølvstendig næringsdrivande og skal avvikle verksemda i samband med studium. Dette må dokumenterast med attest frå Skatteetaten eller føretaksregister om sjølvstendig næringsverksemد.
  - søker må flytte med familie på grunn av jobb, barnehageplass eller skulebyte. Dette må dokumenterast med bustadattest frå Skatteetaten for søker og borna, eller søker og ektefelle/sambuar.

### § 8-4. Fristar

(1) Søknadsfristar for opptak til Høgskulen sine studium vert kunngjorde samstundes med utlysing av studieprogramma.

(2) All dokumentasjon som skal ligge til grunn for opptak, må følge søknaden. Vitnemål/karakterutskrifter for utdanning og praksis som vert avslutta i det semesteret opptaket skjer, må ettersendast innan den fristen som er gitt av Høgskulen.

#### **§ 8-5. Verifikasiing av dokumentasjon**

(1) Høgskulen kan krevje at søkerane legg fram original av dokument som skal ligge til grunn for opptak for å vurdere om desse er ekte, jf. universitets- og høgskulelova § 3-7 sjette ledd.

(2) Dersom høgskulen vurdera dokumentasjonen som mangefull ved verifikasiing, kan dette føre til at søkeren ikke får opptak.

(3) Bruk av falske vitnemål eller andre falske dokument er forbode og vert meldt til politiet, jf. uhl. § 3-7 (6)(7).

(4) I tilfelle søker har nytta falskt vitnemål, falske dokument eller dokument frå falske institusjonar vert saka sendt til klagenemnda for vurdering og vedtak jf. uhl. § 3-7 (8) og/eller § 4-12 eller § 4-7 (1) og § 4-8 (3) der studenten har gjennomført eksamen eller prøve.

#### **§ 8-6. Utlysing og avlysing av studium**

(1) Fristen for å mælda inn studium for etterfølgjande år er 1. desember, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet kapittel 3. Studieprogram og studieplanar

(2) Styret kan gjere vedtak om avlysing av opptak til ei utdanning dersom det ikkje er nok kvalifiserte søkerar.

(3) Trekk av studium i det lokale opptaket må skje i rimeleg tid etter at søkeratala er kunngjort, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet kap. 3.

(4) Fakultetet gjer vedtak om utlysing av enkeltemne og om det er kapasitet på det enkelte studium for overflyttingsopptak jf. denne forskriften § 2-10. Fakulteta kan opne for søkerar utan gyldig studierett som fyller dei andre kriteria for overflyttingsopptak.

#### **§ 8-7. Politiattest**

(1) I studium der studentar kan komme i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper som del av praksisstudium eller klinisk undervisning, er det krav om at studentar leverer politiattest ved opptak, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning kap. 6 og forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 8-1.

(2) Student utan merknad på politiattesten leverer politiattest ved studiestart.

(3) Student med merknad på politiattesten skal levele politiattesten seinast tre veker etter mottak av tilbod om studieplass.

## **§ 8-8. Klage**

- (1) Enkeltvedtak som er gjorde med heimel i denne forskrifta, kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28 til § 32. Klagefristen er 3 veker fra den dagen resultatet av opptaket er offentleggjort, eventuelt 3 veker fra tidspunktet ein har fått grunngjeving.
- (2) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak organisert gjennom Samordna opptak, vert handsama av Nasjonal klagenemnd, jf. universitets- og høgskulelova § 5-1 sjuande ledd og forskrift om opptak til høgre utdanning § 8-1.
- (3) Klage som gjeld opptak etter universitets- og høgskulelova § 3-6 andre og tredje ledd, vert handsama av Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 8-1 andre ledd.
- (4) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak til studium som ikkje inngår i samordna opptak, vert handsama av Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet, jf. universitets- og høgskulelova § 5-1.

## **Kapittel 9. Rettleiing og iverksetjing**

### **§ 9-1. Rettleiing til forskrifta**

Styret eller det organet styret nemner opp, kan vedta ei rettleiing til denne forskrifta til hjelp for sakshandsamar og studentar.

### **§ 9-2. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. februar 2019